



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2017-18

SKULE: __ Meland ungdomsskule __

| Nøkkeltal - Grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI) 2017-2018 | | |
|---|------|----------------------|
| | Tal | Evt. kommentar |
| Elevtal skule | 130 | |
| Elevtal SFO | - | |
| Tal lærarar | 21 | |
| Årsverk ped. Personale | 15 | |
| Assistentar, årsverk | 2,94 | |
| Årstimar utført av undervisningspersonale | 7160 | Til undervisning |
| Årstimar gitt til ordinær undervisning | 6711 | |
| Lærartimar til spesial-undervisning §5-1 | 1490 | |
| Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør | 150% | Rektor 90%, insp 60% |

Skulebaset vurdering

Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i læreplanverket for kunnskapsløftet. Vurderinga inneber at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføring av opplæringa.

| | |
|---|---|
| Omgrepet «skulebasert vurdering» Er omgrepet godt kjent i organisasjonen? | Omgrepet blir nytta i samband med ulikt utviklingsarbeid, og er kjend i organisasjonen |
| Jamleg gjennomføring Når vert skulebasert vurdering gjennomført på skulen? <i>(I utgangspunktet bør vurderinga gjennomførast årleg. Tidsbruk må likevel blir vurdert opp mot det forsvarlege).</i> | Skulebasert vurdering blir gjennomført i samband med evaluering av elevundersøkinga. Personalet analyserer resultata, og vel innsatsområde for vidare arbeid. Vi gjennomførte også «lesson study» (LS) i januar – dvs at lærarane i grupper både vel ut fokusområde for ein undervisningsøkt, planlegg og gjennomfører med observasjon, evaluerer og prøver ut på nytt. Dette er tidkrevjande arbeid, men noko som gjer oss meir dybdekunnskap om elevane sin læring og vår pedagogiske praksis. Skulebasert vurdering blir også gjennomført |

| | |
|--|--|
| | ved Udir sitt verkty «st  stedsanalysen». For skule  ret 2017-18 fekk vi gjennomf  rt, men ikkje analysert i fellesskap resultata. |
| Kunnskapsgrunnlag for val av tema Kva for eit kunnskapsgrunnlag er brukt? <i>(Kunnskapsgrunnlaget skal gi skulen eit grunnlag for    reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad skulen sine elevar har n  dd m  la i l  replanverket)</i> | For skule  ret 2017-18 brukte vi elevunders  kinga haust 2017 som grunnlag for fokusomr  de p   LS-arbeidet. I tillegg vurderer l  rarane meir fagspesifikke utfordringar som dei vil unders  kje n  rare i LS. |
| Val av tema Kva for eit tema er valt skule  ret 2017-2018? | Elevmedverknad og vurderingspraksis knytt til dette. |
| Vurdering av endringar Har skulen (i sin vurdering) identifisert kva for nokre endringar som best kan auke oppn  dde m  l for elevane innanfor det skule har valt    sj  p i vurderinga? Har skulen vurdert endringar som heilskap p   systemniv   (sj  lv om konsekvens av endringane i nokre tilfelle prim  rt vil vise seg i enkelte klasser eller enkelte fag?) | Gjennom erfaringsutveksling i etterkant av LS har vi f  tt eit st  rre fokus p   at elevane kan medverke i vurderingsarbeidet. Vi har, i litt ulik grad naturlegvis, endra praksis kring elevmedverknad. P   systemniv   har vi dei siste   ra endra praksis knytt til gjennomf  ring og vurdering av tekstskriving. Denne endringa viser seg i faga norsk og engelsk, og har bakgrunn i ein lengre prosess knytt til vurderingspraksis og vurdering av l  ringsutbytte for elevane. |
| Oppf  lgning av endringar Korleis f  lgjer skulen opp endringar? | Skulen vil fortsetje    bruake elevunders  kinga og LS som metode for oppf  lgning av fokusomr  der. Vi ser at det kan vere ein utfordring    halde fokus p   dei endringane vi   nskjer, men arbeidar jamt med dette. |
| Medverknad Korleis har skulen sikra ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering? <i>Er alle involverte parter p   skulen involvert i analysen og arbeid med endringar?</i> | Vi er organisert slik at trinnleiarar p   dei tre   rstrinna er med i ressursgruppa p   skulen, saman med inspekt  r og rektor. Ressursgruppa fungere som bindeledd mellom alle pedagogane og skuleleiinga. Sj  lv om rektor leiar utviklingsarbeidet, blir prioriteringar tatt opp i ressursgruppa f  r ein set i gang arbeid. Alle tilsette var t.d. med i analysen av elevunders  kinga og nasjonale pr  ver, men ressursgruppa p  verka korleis vi skulle gjennomf  re/f  lgje opp i praksis. |
| Andre kommentarar?? | |

| L  ringsmilj   | |
|--------------------------|---|
| Tema | |
| Elevunders  kinga (Udir) | Tala som omhandla mobbing var haust 2017 sv  rt gode, noko som var m  lesettinga etter at unders  kinga haust 2016 viste d  rleg resultat p   mobbing. Elles viste resultata relativt gode tal p   indikatorar for «trygt milj  ». Vi var ikkje n  gd med resultata p   |

| | |
|--|--|
| | «vurdering og læring» og «støtte frå lærarane» - jfr fokusområde i LS. |
| Oppfølging av elevane sitt læringsmiljø etter kap. 9a i Opplæringslova | <ul style="list-style-type: none"> - Skulen hadde gode resultat på elevundersøking når det gjaldt mobbing og trygt miljø. - Vi gjennomførte også i 2017-18 ikkje-anonyme mobbeundersøkingar, som resulterte i ulikt oppfølgingsarbeid både på individ- og gruppennivå. Helsesøster og PPT deltok i arbeidet kring ei gruppe på skulen. Vi ser at einskildsaker tok mykje ressursar/tid å følgje opp dette skuleåret. - Det vart laga tiltaksplanar for elevar som ikkje hadde det trygt og godt, og skulen hadde tett samarbeid med heimen i alle sakene. - Obligatorisk kveldsskule for alle elevar med tema livsmeistring. Foreldre var også invitert og inkludert i førebuingane til møtet. Det var godt oppmøte (om lag 100 foreldre). - Skulen gjennomførte ulike trivselsaktivitetar i løpet av skuleåret, t.d. fjellturar, vinteraktivitetsdag, Zerodag/sommaravslutning med dans og musikkframsynning. - Gjennom heile året har vi hatt TL (trivselsleikar) som del av det mobbeførebyggande arbeidet. <p>Det er stadig eit sakn at vi ikkje har gymsal på skulen – då hadde det vore lettare å gjennomføre fleire felles- og miljøbyggande aktivitetar.</p> |

| Faglege resultat | |
|------------------|---|
| Tema | |
| Nasjonale prøvar | <p>Skulen har sjølv sagt mål om å ha gode resultat, helst over landssnitt. For å få til dette har vi satsa på tett lærardekning i primærfaga, og oppfølging av elevar som scorer lågt. Samstundes ser vi at resultata ligg under landsgjennomsnitt. I lesing ser resultata dårlegare ut enn dei faktisk er. Årsaka er at skulen var for sein med å score dei opne leseoppgåvene, og når resultata berre syner dei automatisk rette oppgåvene blir sluttresultata dårlegare. Den digitale registreringa gjer at tala som synes i statistikkar er låge, men i praksis kjennar lærarane den einskilde elev sine prestasjoner. Såleis gir leseprøvene skulen informasjon, men dei offisielle tala blir negative.</p> |
| Eksamensfaga | <p>Også her har skulen eit mål om å liggje over nasjonalt snitt. I dei skriftlege eksamensfaga fekk vi i år eit snitt på 4,1 (nasjonalt 3,7) og i matematikk 3,1 (nasjonalt 3,6). Ser vi resultata over tid, er kullvariasjonane store. Vi må også hugse at tala er snittkarakter for berre ein klasse per skriftleg eksamensfag som utgjer resultata.</p> <p>Skulen vurderer at over tid er resultata våre relativt gode (jfr statistikk i «skoleporten»). I engelsk har vi i fleire år lagt høgare enn landsgjennomsnitt, i norsk sidemål likeins. I norsk hovudmål ligg vi på eller litt over/under landsgjennomsnitt. I matematikk har vi hatt dei største variasjonane og har hatt flest resultat under snitt, men i fjor på landsgjennomsnitt. Det er eit mål at vi skal sjå resultat av realfagssatsinga til Meland kommune, og få opp resultata i matematikk også.</p> <p>Resultata på munnleg eksamen er også jamt gode.</p> |
| Grunnskulepoeng | Vi vurderer at grunnskulepoenga til skulen er gode, sjå statistikk. |

| | Indikator og nøkeltall | 2013-14 | 2014-15 | 2015-16 | 2016 |
|---|------------------------|---------|---------|---------|------|
| Grunnskolepoeng, gjennomsnitt | | | | | |
| Meland ungdomsskule | 44,5 | ⚡ 40,9 | 43,4 | | |
| Meland kommune | 43,4 | ⚡ 40,9 | 43,0 | | |
| Hordaland fylke | 40,7 | ⚡ 41,3 | 41,5 | | |
| Nasjonalt | 40,3 | ⚡ 40,7 | 41,1 | | |
| Meland ungdomsskule, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig | | | | | |

| Kompetanseutvikling | | |
|---------------------|---|---|
| Tema | Etter- og vidareutdanning | Kommentar på korleis kompetanse ver brukta vidare |
| Leiar | Ikkje gjennomført formell etter- og vidareutdanning. Gjennomført felles kommunale kurs/samlingar. Rektorsamlingar fungerer delvis som leiaropplæring i form av erfaringsutveksling og samarbeid om utviklingsprosjekt. | Viktig at NKR/Alver oppvekst/skule kan systematisere leiaropplæring og leggje til rette for etter- og vidareutdanning. |
| Pedagogar | Ein lærar i 2017-18 som tok vidareutdanning (matematikk) via Udir sitt system. Nokre tilsette tok også utdanning utanom dette systemet, dvs i tillegg til lærarstillinga og utan frikjøp. | På vår skule har dei tilsette kompetanse som gjer at vi i stor grad føl kompetanseforskrifta. Vi erfarer samstundes at det kan vere vanskeleg å få fatt i spesialkompetanse, t.d. i fag som spansk. |
| Andre tilsette | Tilsette som ikkje har barne- og ungdomsarbeidarfaget blir oppfordra til å ta dette. Elles har det ikkje vore felles planleggingsdagar for assistenter dette skuleåret. Merkantilt tilsett har deltae på fagrelevante kurs. | |

| Vurdering av andre område | |
|--|---|
| Tema | |
| Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osb.) | <u>Kommentar:</u> Samarbeidet har vore godt og er viktig. Skulen opplever å få betre resultat i vanskelege saker når det tverrfaglege samarbeidet er sterkt. Helsetema fungerer godt. |
| Samarbeid heim-skule (utviklingssamtalar og foreldremøte) | <u>Kommentar:</u> Vi har fokus på skule-heim samarbeid på foreldremøtet om hausten. Vår 2018 hadde vi kveldsskule med elevar og foreldre saman og med godt oppmøte. På desse møta legg vi opp til tema som både vaksne og ungdom kan sjå relevansen av også utover skulesamanheng. I utviklingssamtalar nyttar vi fortsatt tilbakemeldingar i Visma som foreldre har tilgang til før samtalens. Intensjonen er at alle skal førebu seg til samtalens, og bruke tid på det elev og foreldre har mest lyst å snakke om. |

| | |
|--------------------------------------|---|
| Arbeid i rådsorgana ved skulen | Kommentar (antall møter, tema m.m.): Elevråd: 8-10 møter, noko ekstra når elevane førebur arrangement. Har fast oppe sak om trygt og godt miljø/mobbing. Uttaler seg om t.d. elevundersøkinga og endringar i orden- og åtferdsreglementet. FAU: 8 møter. Førebur ulike arrangement; aktivitetskveld på 8.trinn, grautfest, skuleball. Tek opp ulike aktuelle saker. Får tilbakemelding på elevundersøkinga, nasjonale prøver. Innspel til skulerute. Skulemiljøutval: 2 møter (første del av kvart SU-møte) Samarbeidsutval: 2 møter. Orienteringssaker liknande dei FAU har, vedtak orden- og åtferdsreglementet. |
|--------------------------------------|---|

| Skulane sitt kontollarbeid |
|--|
| Tema for kontroll på skulen (tilsyn, kontroll m.m.) Intern og eksternt |
| Kvar haust (og til nytilsette i løpet av skuleåret) blir personalet gjort kjend med prosedyre for ulike situasjoner, t.d. evakuering. Skulen har utarbeida tiltakskort og beredskapsplanar som alle tilsette er kjende med. Dei tilsette kvitterer kvar haust på at dei har gått igjennom prosedyrane. |
| Førstehjelpsopplæring for lærarar som har ansvar for symjing. Alle tilsette skulle ha opplæring i førstehjelp vår 18, men dette ble flytta til haust 18 (gjennomført 4.oktober 2018). |
| Skuleeigar ved skulefagleg seniorrådgjevar gjennomfører årleg oppfølging med rektor sitt ansvar for elevane sitt læringsmiljø. |
| Klager til Fylkesmannen |
| Tema: vedtak spesialundervisning |
| Tal: 1 |
| Resultat: endring i sakkunnig vurdering førte til endra vedtak |
| Risikoområder |
| Tema: har hatt mange avviks-meldingar dette skuleåret som handlar om utagerande elevar. |
| Tiltak: forsterka vaksendekning og innhente hjelp frå samarbeidsetatar |

Dato: ____ 10.10.18 ____ Underskrift rektor: _____ Hilde Brendehaug Hugaas _____